



Dag Rune starta som midtstoppar og avslutta som spiss. Han har god grunn til å vera fornøgd med campen, der han scora to gonger.
(Foto: Thor Inge Døssland)

Smågutelaget til Rosendal/Uskedal har hatt ein fin vårsesong. Poengfangsten har vore god, og etter storsiger med 10-4 i siste vårkampen, er laget med og kjempar heilt i toppen av tabellen.

I kampen mot vosselaget Ørnar på Rosendal stadion søndag, var laget på offensiven alt frå første sekund. Første angrepet resulterte i scoring, og vi skjønna snart at motstanden innbaud til einvegskøring og mange mål. Slik vart det og! Måla kom jamnt og trutt, og ved pause var stillinga 7-3 til heimelaget.

Etter pause tok det litt tid før måla kom, men før dommaren bles av for full tid, hadde dei pynta på resultatet til 10-4. Det er eit flott resultat, men vi må nok leggja til at fleire av måla begge vegar var av den lettkjøpte sorten. Mot betre lag er det nok og viktig at det vert lagt meir vekt på samspel i angrepsspelet. Sjølv mot Ørnar var det tendensar til at spelarane gjekk for lenge med ballen og køyrde seg fast.

Thomas Halvorsen, Torbjørn Steinsvik, Dag Rune Myklebust(2 mål) og Benjamin Taranger utgjorde Uskedals-innslaget på vinnarlaget.

I slutten på juli reiser laget til Ekebergsletta og Norway Cup. Vi ønskjer dei lukke til både der og i resten av seriespelet.

Av Thor Inge Døssland



Laget får instruksar av trenar Vidar Enæs i pausen. (Foto: Thor Inge Døssland)